

Kjetil Fylling

Dykkar ref.

Vår ref.  
21/24725 GSSOArkivkode  
G16Dato  
23.08.2021

## Infobrev om vaksining 16 og 17 åringer

Alle som er født i 2005 eller 2004 vil no få tilbod om vaksine.

Vaksinen er frivillig og me ynskjer å leggja til rette for at det er enklast mogleg å få satt denne for dei som ynskjer det. Ungdommar som har fylt 16 år kan takka ja eller nei til dette sjølv. For dei som endå ikkje har fylt 16 treng me samtykke frå foreldra.

Det er pfizer vaksinen som vert tilbudt til dei som er under 18 år, intervallet vert 8-12 veker. Bakgrunnen for dette er at det er denne vaksinen ein har best kunnskap om til denne aldersgruppa. Fleire land har allereie starta med vaksining av denne aldersgruppa. Fhi sine nettsider har god informasjon og de kan gå inn her og lesa om det er noko de lurer på. Dersom det er spesielle ting med di helse som du lurer på er det best å ta ein telefon til fastlegen heime.

Dei som kjem til å setja vaksinane har no halde på med dette ei god stund og er godt trente både på å setja vaksinane og til å handtera uro rundt det å få vaksine.

På vaksinasjonsdagen:

- Ha med legitimasjon som viser personnummer
- Har du ikkje fylt 16 år må du ha med skjema med samtykke frå foreldra dine ( I papir eller på melding på telefon)
- Ikkje møt om du er sjuk eller i karantene

---

Eg/me samtykkjer til at ..... f ..... kan få satt coronavaksine

Med helsing  
Hå kommune

Gerd Signy Solberg Omland  
kommuneoverlege

